




SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Årsmelding 2018

Kontrollutvalet



Innhald

1	Innleiing	3
2	Samansetting av kontrollutvalet	3
2.1	Kontrollutvalet 2015 – 2019.....	3
3	Kontrollutvalet sitt formål.....	4
4	Budsjett og rekneskap	4
5	Revisjon av fylkeskommunen	4
6	Sekretariat for kontrollutvalet	5
7	Kontrollutvalet si verksemd 2018	5
7.1	Møteverksemd	5
7.2	Fylkestingsaker frå kontrollutvalet.....	5
7.3	Omtale av saker som kontrollutvalet handsama i 2018.....	6
7.3.1	Kontrollutvalet budsjett 2018 – Disponering av vedteken budsjettramme	6
7.3.2	Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2018	6
7.3.3	Ny personvernlov frå 2018 – Status for tilpassing i Sogn og Fjordane fylkeskommune	6
7.3.4	Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2017.....	6
7.3.5	Kontrollutvalet si rolle i samband med samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar	6
7.3.6	Selskapskontroll	7
7.3.7	Forvaltningsrevisjon – Gjennomføring av prosjekt	7
7.3.8	Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt.....	8
7.3.9	Rullering av plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020	9
7.3.10	Kontrollutvalet - Budsjett 2019/Økonomiplan 2019 – 2022.....	9
7.3.11	Møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2017 til desisjon	10
7.3.12	Revisorbrev 05/2018	10
7.3.13	Vurdering av uavhengigheit	10
7.3.14	Samanslåing av dei kommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane - val av revisjonsordning	10
7.3.15	Oppfølging av utvalet sitt arbeid.....	10
8	Andre saker	11
9	Oppsummering	11

1 Innleiing

Kontrollutvalet fører tilsyn og kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget. Finansiell revisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll er kontrollutvalet sine sentrale oppgåver. Kontrollutvalet si verksemd er heimla i kommunelova § 77.

Kontrollutvalet har i 2018, som tidlegare år, hatt fokus på det gode samarbeidet med kontrollutvala i våre nabofylke. I januar 2018 deltok utvalet på felles folkevaldopplæring i Molde for dei fire fylkeskommunale kontrollutvala på Vestlandet.

Medlemmane i utvalet deltok i 2018 på konferansar arrangert av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) og Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT). Dette er, i tillegg til å vere kompetansebyggingsarenaer, viktige møteplassar for kontrollutvalsmedlemmer der vi møter kollegaer frå heile landet.

2 Samansetting av kontrollutvalet

Kommunelova (KL) kapittel 12 omhandlar internt tilsyn og kontroll samt revisjon. Fylkestinget har det øvste tilsynsansvaret med fylkeskommunen, og vel eit kontrollutval til å føre det daglege tilsynet med den fylkeskommunale forvaltninga, jfr. KL § 77.

2.1 Kontrollutvalet 2015 – 2019

For perioden 2015 – 2019 er det valt eit kontrollutval som er samansett slik:

Leiar:	Frank Willy Djuvik (Frp)*
Nestleiar:	Odd Atle Stegegjerdet (Ap)*
Medlemmar:	Karoline Aldis Bjerkeset (Sp)
	Lise-May Sæle (H)
	Klaus Iversen (V)

*medlem i fylkestinget

Varamedlemer:

1. vara: Frode Bøthun (Krf)
2. vara: Solfrid Fossberg (Liv B. Stave fram til 17.oktober 2017) (H)
3. vara: Eli Hansen Moen (Ap)
4. vara: Anne Britt Øen Nygård (Sp)
5. vara: Kåre Jarl Langeland (V)
6. vara: Carlo Aall (Mdg)
7. vara: Ole Erik Thingnes (SV)

I det politiske organisasjonskartet er kontrollutvalet direkte underlagt fylkestinget. Dette medfører at kontrollutvalet har ein uavhengig ståstad i høve til andre fylkeskommunale politiske og administrative organ. Det er følgjeleg berre fylkestinget som kan instruere kontrollutvalet.

3 Kontrollutvalet sitt formål

Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den fylkeskommunale forvaltninga på vegne av fylkestinget. Utvalet skal sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, og at rekneskapen vert revidert på ein trygg måte.

Utvalet skal gjennom sitt arbeid bidra til at innbyggjarane og andre interessentar har tillit til Sogn og Fjordane fylkeskommune, og at fylkeskommunen leverer sine tenester og utfører sitt mynde effektivt og målretta i samsvar med lov, forskrift samt fylkestinget sine føresetnader og vedtak. Utvalet skal stå fram som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Det er berre fylkestinget som kan pålegge kontrollutvalet oppgåver utanom dei oppgåvene som er lovfesta.

Kontrollutvalet har eit overordna mål om at kontroll og tilsyn i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal bidra til å sikre fylkeskommunen ein best mogeleg forvaltning av ressursane, til føremon for fellesskapet og enkeltmennesket.

4 Budsjett og rekneskap

Kontrollutvalet sitt reviderte budsjett for 2018 var på 4,873 mill. kroner, fordelt på kontrollutvalet, sekretariat og kjøp av revisjonstenester.

Budsjettoppfølging har vore utført per tertial.

Rekneskap for 2018 viser eit forbruk på 4,507 mill. kroner, som er eit mindreforbruk på 0,366 mill. kroner.

Mindreforbruket skriv seg hovudsakleg frå refusjon frå NAV etter kontrollsjefen sitt sjukefråvær sett opp mot kostnaden ved innleigd sekretariat.

Det var også lågare deltaking på dei forskjellige konferansar og opplæringsaktivitetane det var lagt til rette for dette året, lågare revisjonskostnadar i tillegg til noko forfall til utvalet sine møte.

5 Revisjon av fylkeskommunen

Sogn og Fjordane fylkeskommune har avtale med to revisjonsfirma. Finansiell revisjon og selskapskontroll vert utført av SF revisjon IKS. Dette er regulert i selskapsavtalen til SF revisjon IKS, der fylkeskommunen er ein av fleire deltakarar. Deltakarforhold i SF revisjon IKS vart sagt opp i brev datert 17.12.2018. Oppseiinga vil gjelde frå 31. desember 2019.

Kontrollutvalet gjennomførde ein anbuds konkurransen for å få på plass ny rammeavtale for kjøp av forvaltningsrevisjon i 2016. Dette resulterte i at fylkestinget 6.12.2016 i FT-sak 44/16 vedtok å inngå ny rammeavtale med Deloitte AS frå 1.6.2017 – 31.5.2019 med opsjon for fylkeskommunen til å forlenge avtalen i ytterligare to år.

6 Sekretariat for kontrollutvalet

Fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalet har tilfredsstillende sekretariatbistand. Sekretariatet har i 2018, som dei føregående åra, bestått av ein person i heil stilling. Organisatorisk er sekretariatet (kontrollsjefen) direkte plassert under kontrollutvalet, og det medfører at kontrollutvalet har arbeidsgjevaransvaret. Organiseringa sikrar uavhengigheit til den administrative leiinga av fylkeskommunen, som er gjenstand for kontroll og tilsyn av kontrollutvalet. Organiseringa sikrar i tillegg uavhengigheit til selskapa som reviderer fylkeskommunen. Kontrollsjefen var sjukmeld frå 8. januar og fram til midten av juni etter ei trafikkulykke, og det vart i den perioden leigd inn sekretariatshjelp frå kontrollutvalssekretariatet i Hordaland fylkeskommune. I tillegg tok kontrollutvalsleiaren på seg eit meirarbeid anslått til 120 timar i samband med at kontrollsjefen var sjukmeld.

7 Kontrollutvalet si verksemd 2018

7.1 Møteverksemd

Kontrollutvalet gjennomførde 8 møte i 2018. Kontrollutvalet behandla 59 saker i 2018.

Seks av møta vart avvikla på fylkeshuset. Eit (21. desember) var avvikla som telefonmøte.

Møtet 6. september vart gjennomført i Måløy, der kontrollutvalet hadde møte med ordførar og kontrollutvalsleiar i Vågsøy kommune og møte med rektor ved Måløy vidaregåande skule.

Medlemmane i utvalet, fylkesordførar og fylkesrådmann får tilsendt møteinnkalling og alle sakspapir til møta i kontrollutvalet via OneNote. Revisorane får tilsendt innkalling via e-post eventuelt via fylkeskommunen si heimeside, der sakspapir og møteprotokoll vert lagt ut. Dette gjeld ikkje for saker som er unnateke offentleg innsyn.

7.2 Fylkestingsaker frå kontrollutvalet

Kontrollutvalet fremja åtte saker til handsaming i fylkestinget i 2018:

- Forvaltningsrevisjon av innkjøp – Revisjonsrapport (FT-sak 2/18)
- Forvaltningsrevisjon - Musea i Sogn og Fjordane – rapport (FT-sak 3/18)
- Årsmelding 2017 – Kontrollutvalet (FT-sak 10/18)
- Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i SF revisjon IKS (FT-sak 11/18)
- Forvaltningsrevisjon av innkjøp - tilleggsbestilling (FT-sak 12/2018)
- Rullert plan for forvaltningsrevisjon 2018 - 2020 (FT-sak 33/18)
- Forvaltningsrevisjon – Reiseliv - rapport (FT-sak 34/18)
- Forvaltningsrevisjon – Utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule - rapport (FT-sak 45/18)

7.3 Omtale av saker som kontrollutvalet handsama i 2018

7.3.1 Kontrollutvalet budsjett 2018 – Disponering av vedteken budsjettramme

Kontrollutvalet tok 27. februar i KU-sak 8/18 disponering av vedteken budsjettramme til vitande. Saka vart behandla på bakgrunn av framlegg frå kontrollsjef og ansvarsbrev for 2018.

7.3.2 Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2018

Bestillingsdokumentet med bestilling av finansiell revisjon og selskapskontroll vart behandla og vedteke på kontrollutvalsmøte 27. februar i KU- sak 10/18. Bestillingsdokumentet vart sendt til SF revisjon IKS i etterkant av møtet.

7.3.3 Ny personvernlov frå 2018 – Status for tilpassing i Sogn og Fjordane fylkeskommune

Kontrollutvalet vedtok 27. februar i sak 9/18 å be fylkesrådmannen om å svare skriftleg på spørsmål om status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov i tillegg til å orientere munnleg om saka i kontrollutvalsmøte 3. april. Etter orienteringa 3. april vedtok utvalet å be fylkesrådmannen om munnleg orientering 25. september med utgangspunkt i skriftleg orientering som utvalet ba om å få tilsendt seinast 10. september. Assisterande fylkesrådmann orienterte om status for arbeidet 25. september med grunnlag i notat sendt sekretariatet på førehand. Kontrollutvalet tok orienteringa til vitande.

7.3.4 Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2017

Kontrollutvalet ga i KU-sak 20/18 uttale til fylkestinget om årsrekneskapen 2017 på grunnlag av avlagt årsrekneskap, årsrapport frå fylkesrådmannen og revisjonsmelding frå SF revisjon IKS. Saka vart behandla i kontrollutvalet 22. mai.

7.3.5 Kontrollutvalet si rolle i samband med samanslåing av Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar

Kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommunen behandla sak om val av sekretariatsordning 3. april i KU-sak 19/18. Dei to kontrollutvala vedtok lik tilråding til fellesnemnda i denne saka. Vedtaket var slik:

1. *Den nye fylkeskommunen held fram med å ha eige kontrollutvalssekretariat med eigne tilsette, inkl. sal av sekretariatstenester opp mot kontrollutval i kommunar mv.*
2. *Det vert oppretta eit tilsettingsutval for tilsetting av kontrollsjef som er samansett av dei to kontrollutvalsleiarane, dei to nestleiarane og to tillitsvalde. Desse innstiller overfor Fellesnemnda om kven av dei noverande kontrollsjefane som skal vere kontrollsjef for den nye fylkeskommunen.*
3. *Kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen får fullmakt til å utgreie sak med forslag til organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet.*
4. *Kontrollsjefen skal legge fram forslaget for dei to kontrollutvala som vedtek innstilling overfor Fellesnemnda som gjer endeleg vedtak om organisering og lokalisering.*

I eit felles kontrollutvalsmøte 4. juni diskuterte utvala kva rolle kontrollutvala i dei to fylkeskommunane skulle ha ved samanslåing. Dette er protokollert i KU-sak 30/18.

Kontrollutvala fekk i same møte orientering om status for arbeidet med regionsreforma av

prosjektlear (KU-sak 31/18). I KU-sak 32/18 behandla utvalet val av revisjonsordning for Vestland fylkeskommune etter ein diskusjon i fellesmøtet mellom dei to kontrollutvala. Utvala vart ikkje samde om tilråding, slik at det vart to forskjellige tilrådingar til fellesnemnda i denne saka. Vedtaket frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane vart slik;

Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal revisjonsordning for rekneskapsrevisjonen og vel å kjøpe forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i marknaden.

- *Ein går i dialog med SF - revisjon I KS/det nye samanslegne revisjonsselskapet i Sogn og Fjordane for å få til ein avtale som spesifiserer levering av rekneskapsrevisjonen og dei økonomisk rammevilkåra.*
- *Kontrollutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune førebur sak om innkjøp av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll med verknad frå 01 .01 .2020. Utvala knyter til seg naudsynt hjelp, dei utformar konkurransegrunnlag og førebur sak heilt fram til at dei innstiller overfor fellesnemnda på val av revisor.*

Fellesnemnda vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet i Hordaland som gjekk ut på å kjøpe alle revisjonstenester i marknaden.

Kontrollutvalet behandla 4. juni i KU-sak 33/18 Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i SF revisjon IKS, der utvalet vedtok følgjande tilråding til fylkestinget:

1. *Fylkestinget slutter seg til kontrollutvalet si innstilling om at Vestland fylkeskommune vel å nytte interkommunal rekneskapsrevisjon og konkurranseutsetting for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.*
2. *Om fellesnemnda kjem til ein annan konklusjon, vert avtalen med SF - revisjon IKS sagt opp med verknad frå 01.01.2020.*

Fylkestinget slutta seg til tilrådinga frå kontrollutvalet i FT-sak 11/18 med ei tekstendring i punkt 1 – Fylkestinget sluttar set til kontrollutvalet si innstilling **til fellesnemnda** om at....

Kontrollutvalet behandla plan for anbudsprosess for val av revisor til Vestland fylkeskommune 2. november i KU-sak 49/18.

7.3.6 Selskapskontroll

7.3.6.1 Selskapskontroll 2018

Kontrollutvalet vedtok 6. september i KU-sak 40/18 å bestille eigarskapskontroll av Sogn og Fjordane teater LL Kontrollutvalet vedtok prosjektplanen frå revisor 20. november i KU-sak 53/18, der ferdigstilling av prosjektet var sett til 4. januar 2019.

7.3.7 Forvaltningsrevisjon – Gjennomføring av prosjekt

7.3.7.1 Forvaltningsrevisjon – Innkjøp

Kontrollutvalet mottok rapport 27. november 2017. Utvalet vedtok 13. desember i KU-sak 56/17 å utsette saka til neste møte. Kontrollutvalet behandla rapporten 3. april i KU-sak 14/18, og vedtok ei tilråding til fylkestinget i saka. Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet i FT-sak 2/18.

Utvalet behandla 3. april i KU-sak 12/18 ei tilleggssak, der utvalet ba om vurdering av tre forskjellige innkjøp. Notat med juridisk vurdering av innkjøpa i tilleggssaka vart behandla av kontrollutvalet 4. juni i KU-sak 35/18, der utvalet vedtok å tilrå overfor fylkestinget at funna i denne saka skulle følgjast opp som ein del av oppfølginga av forvaltningsrevisjonen av innkjøp. Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding i FT-sak 12/18.

7.3.7.2 Forvaltningsrevisjon – Musea i Sogn og Fjordane

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon av musea 28. mars i KU-sak 14/17. Rapport vart mottatt 27. februar 2018 og behandla av kontrollutvalet 3. april i KU-sak 16/18. Fylkestinget vedtok tilrådinga frå kontrollutvalet i FT-sak 3/18.

7.3.7.3 Forvaltningsrevisjon innan HMT og inkluderande arbeidsliv

Kontrollutvalet vedtok prosjektplan 3. april 2018 i KU-sak 17/18. Kontrollutvalet ba om rapport innan utgangen av oktober 2018. Revidert prosjektplan vart vedtatt 6. september i KU-sak 37/18, der frist for levering av rapport vart utsett til midten av desember. Prosjektet er forsinka, og rapport vert ferdig våren 2019.

7.3.7.4 Forvaltningsrevisjon - Utdannings- og yrkesrådgiving i vidaregåande skule

Kontrollutvalet vedtok å bestille dette prosjektet 26. september i KU-sak 40/17. Rapport vart mottatt 2. november 2018, og kontrollutvalet behandla rapporten 20. november i KU-sak 47/18. Kontrollutvalet vedtok tilråding til fylkestinget med seks tiltak for forbetring. Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding med endring i to av tiltaka. Fylkestinget ba fylkesrådmannen gjennomføre tiltaka og rapportere status til kontrollutvalet innan 30. mai 2019.

7.3.7.5 Forvaltningsrevisjon – Reiseliv

Dette prosjektet vedtok kontrollutvalet å bestille 13. desember i KU-sak 58/17. Prosjektet er planlagt ferdigstilt 3. september 2018. Kontrollutvalet godkjende prosjektplanen 27. februar i KU-sak 3/18. Rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon vart behandla 25. september i KU-sak 43/18, der kontrollutvalet i si tilråding hadde fleire tiltak til forbetringar. Utvalet rådde til at fylkesrådmannen skulle gjennomføre tiltak, og rapportere status til kontrollutvalet innan 31. desember 2018. Fylkestinget vedtok kontrollutvalet si tilråding i FT-sak 34/18.

7.3.7.6 Forvaltningsrevisjon – bestilling av prosjekt november 2018

Kontrollutvalet vedtok 20. november i KU-sak 50/18 å bestille forvaltningsrevisjon av informasjonstryggleik. I etterkant fekk kontrollutvalet innspel frå administrasjonen med vurderingar av at prosjektet ikkje burde gjennomførast på det tidspunktet. Kontrollutvalet tok innspellet frå administrasjonen til etterretning og vedtok 21. desember i KU-sak 59/18 å stoppe prosjektet. Utvalet vedtok i same sak å bestille forvaltningsrevisjon av mobbing/psykososialt læringsmiljø.

7.3.8 Oppfølging av tidlegare forvaltningsrevisjonsprosjekt

Ein del av oppfølgingspunkta i forvaltningsrevisjonsprosjekta er omfattande gjeremål som krev tid å få gjennomført. Det er kome på plass rutine for oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapportar mellom kontrollsjef og fylkesrådmann. Det er utarbeidd eit rekneark i samband med oppfølginga med oversikt over status på dei forskjellige prosjekta. Det er kontrollsjefen som er ansvarleg for oppdatering av reknearket, og det vert lagt fram for kontrollutvalet to gonger i året. I framkant av handsaming i kontrollutvalet vert status gjennomgått med fylkesrådmannen. I tillegg er det fokus på oppfølging av det enkelte forvaltningsrevisjonsprosjekt som har vore gjennomført.

7.3.8.1 Forvaltningsrevisjon – Arkiv og offentlegheit – oppfølging av vedtak i FT-sak 15/17

Kontrollutvalet mottok notat frå fylkesrådmannen med status for oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen 19. januar 2018. I tillegg møte assisterande fylkesrådmann og arkivleiar i kontrollutvalsmøtet 27. februar for å orientere om oppfølginga og for å presentere den nettbaserte arkivplanen. Kontrollutvalet var nøgde med oppfølginga på alle punkt med unntak av punktet om utarbeiding av prosedyre for lukking av politiske møte, og utvalet vedtok i KU-sak 1/18 fylkesrådmannen om skriftleg tilbakemelding om dette punktet innan 13. mai.

Kontrollutvalet mottok i byrjinga av mai notat frå fylkesrådmannen med reglar og prosedyrar for lukking av møte i folkevalde organ. Utvalet var fornøgd med det som kom fram i notatet og vedtok i KU-sak 26/18 å seie seg ferdige med saka.

7.3.8.2 Forvaltningsrevisjon – Kulturminneforvaltninga i Sogn og Fjordane fylkeskommune – oppfølging av vedtak i FT-sak 10/17

Kontrollutvalet mottok rapport frå fylkesrådmannen 29. januar med status på oppfølginga av denne forvaltningsrevisjonen. Rapporten vart behandla i 27. februar i KU-sak 6/18. Kontrollutvalet registrerte at mykje av oppfølgingsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen var ferdig gjennomført, men stilte spørsmål om tidsaspektet for kartlegging av kulturminne av regional verdi er tilfredsstillande og i tråd med vedtak i fylkesutvalet. Utvalet ba om ny rapport innan 13. mai.

Rapport mottatt 14. mai med ny status og vedlagt dei malar som kontrollutvalet hadde etterspurt. Utvalet vedtok i KU-sak 28/18 å be fylkesrådmann om ny status vedrørende kartlegging av kulturminne av regional verdi innan utgangen av 1. kvartal 2019

7.3.8.3 Forvaltningsrevisjon - Musea i Sogn og Fjordane – oppfølging av vedtak i FT-sak 3/18

Kontrollutvalet behandla rapport om oppfølging av dette prosjektet 6. september 2018 i KU-sak 38/18, der handlingsplan for samarbeidet med MISF vert presentert, men der kontrollutvalet vurderer tilbakemeldinga som litt uklår når det gjeld oppfølging. Utvalet vedtok å be om tydelegare tilbakemelding når det gjeld punkt 1 og 2 i fylkestingsvedtak 3/18.

7.3.9 Rullering av plan for forvaltningsrevisjon 2016 – 2020

Kontrollutvalet vedtok prosjektplan for rullering av plan for forvaltningsrevisjon 27. februar i KU-sak 4/18. I møte 22. mai vedtok utvalet i KU-sak 22/18 å vedta tilslutning til endringar i planen som resultat av endra risikoblade. Rullert plan vart vedteken sendt til fylkestingsbehandling 6. september i KU-sak 36/18. Fylkestinget vedtok planen i FT-sak 33-18 med ei endring som ga kontrollutvalet fullmakt til å endre på rekkjefølgja i planen og ta inn nye prosjekt dersom utvalet finn det føremålstenleg.

7.3.10 Kontrollutvalet - Budsjet 2019/Økonomiplan 2019 – 2022

Kontrollutvalet behandla 6. september i KU-sak 41/18 budsjett for 410 Kontrollutval, som består av kontrollutvalet, sekretariatet og kjøp av revisjonstenester. Framlegget til budsjett og økonomiplan vart sendt fylkesutvalet for innarbeiding i fylkeskommunen sitt budsjett.

7.3.11 Møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2017 til desisjon

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 5/18 prosjektplan for gjennomføring av desisjonssaka og ba om rapport innan utgangen av mai 2018. Kontrollutvalet behandla saka 20. november. Utvalet vedtok i KU-sak 48/18 å ta rapporten til etterretning og sende ikkje saka vidare til fylkestinget..

7.3.12 Revisorbrev 05/2018

Revisorbrev 05/2018 vart handsama 22.mai i KU-sak 20/18. Utvalet vedtok å be fylkesrådmannen om å stille opp i kontrollutvalsmøte 25. september for å gjere greie for kva som er/vil bli gjort i høve til forbetningsområda som kom fram i revisorbrevet frå SF revisjon IKS. Løn- og rekneskapssjef møtte i kontrollutvalet 25. september for å orientere om tiltak, der ein mellom anna ville opprette ein VPS-konto for å få dokumentert ekstern stadfesting slik det var peika på i revisorbrevet.

7.3.13 Vurdering av uavhengigheit

Kontrollutvalet handsama uavhengigheitserklæring frå oppdragsansvarleg revisor i SF revisjon IKS og Deloitte AS i sakene 56/18 og 57/18. Utvalet tok uavhengigheitserklæringane til vitande.

7.3.14 Samanslåing av dei kommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane - val av revisjonsordning

Dei tre kommunale revisjonsselskapa KRYSS revisjon, Kommunerevisjonen i Nordfjord og SF revisjon IKS har utarbeidd ein rapport om samanslåing av dei tre selskapa. Dette er i utgangspunktet ei eigarskapssak, som vert sakshandsama og lagt fram av fylkesrådmannen når det gjeld Sogn og Fjordane fylkeskommune som mediegar i SF revisjon IKS. Kontrollutvalet har handsama saka ut frå at det er kontrollutvalet som er rett kompetanse til å utarbeide tilråding til fylkestinget om val av revisjonsordning og val av revisor. Kontrollutvalet vedtok 21. november 2017 i KU-sak 45/17 å rå fylkestinget til å gå inn for å fortsette med finansiell revisjon og selskapskontroll i eigenregi i det nye samanslegne selskapet i perioden fram til 31.12.2019 med atterhald om eit kostnadsnivå som ikkje overstig det ein har i dag i SF revisjon IKS..

7.3.15 Oppfølging av utvalet sitt arbeid

Kontrollutvalet har ei fast sak om oppfølging av utvalet sitt arbeid. I denne saka får utvalet sine medlemmer ei oversikt over utvalet sitt pågåande arbeid med kontroll og tilsyn av den fylkeskommunale verksemda. Utvalet handsamar også ei sak om status på gjennomførde forvaltningsrevisjonar i løpet av året (KU-sak 16/17).

I tillegg har utvalet ei fast sak med skriv, meldingar og orienteringar. I denne saka vert skriv som er aktuelle for utvalet lagt fram. Utvalet får i tillegg orienteringar frå eksempelvis fylkesrådmann, revisor eller andre som utvalet vil ha ei eller anna form for orientering frå. Leiar i utvalet og kontrollsjef har eigne orienteringspunkt i saka.

Utvalet vedtok i KU-sak 23/18 eiga årsmelding for 2017 og sendte den til fylkestinget som orienteringssak.

8 Andre saker

Kontrollutvalet vedtek eigen møte- og aktivitetsplan der aktivitetane til utvalet er tilpassa behov for tilsyn og kontroll og det budsjettet som utvalet får tildelt. Møteplan for 2019 vart behandla i KU-sak 54/18. I tillegg vedtek utvalet årsplan for eige utval og gje vedtak om disponering av eige budsjett. Utvalet har gjennom året innhenta opplysningar og stilt spørsmål til administrasjonen på fleire ulike område.

Kontrollutvalet vedtok i KU-sak 24/18 høyringssvar til rettleiar frå FKT om forventningar kontrollutvala kan ha til sekretariatet.

Utvalet behandla 4. juni i KU-sak 29/18 oppfølging av rapport om oppfølgingstenesta frå Norlandsforskning. Kontrollutvalet vurderte oppfølginga til å vere omfattande og god, men ba om ny status skriftleg innan 30. oktober for forbetningsarbeidet. Utvalet mottok ny statusrapport 24. oktober, og 20. november i KU-sak 52/18 vurderte kontrollutvalet at oppfølginga av rapporten var gjennomført og avslutta dermed saka.

SF revisjon orienterte kontrollutvalet om revisjonsplan for revisjon av 2018-rekneskapen 25. september 2018. Utvalet tok orienteringa til vitande i KU-sak 45/18.

9 Oppsummering

Kontrollutvalet legg vekt på å vere ei nyttig aktør for at fylkeskommunen skal nå sine mål. Kontrollutvalet legg også vekt på å bidra til å skape tillit til fylkeskommunen si verksemd.

Kontrollutvalet legg årsmeldinga fram for fylkestinget som rapport om utvalet sitt arbeid med tilsyn og kontroll av den fylkeskommunale verksemda.

Kontrollutvalet takker revisorar, administrasjon og politisk leiing for samarbeidet i 2018.

Leikanger 1. april 2019

Frank Willy Djuvik, leiar (s)

Odd Atle Stegegjerdet, nestleiar (s)

Karoline Aldis Bjerkeset (s)

Klaus Iversen (s)

Lise-May Sæle (s)

Einar Ulla, kontrollsjef (s)



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 63 80 00
E-post: post@sfj.no
www.sfj.no

Foto framside: Dagsturhytta Naustdalskamben, Eid kommune
Fotograf: Hans Peter Eidseflot